


Fra: Rune Kilen
Sendt: fredag 12. april 2019 07:45
Til: Anne Lise Molvik
Kopi: Inger Marie Jordal; Irene Nærbø Wilhelmsen
Emne: Tilbakemelding tekniske planer i samband med Alversund skule

Her kjem ein kort oppsummering av vår gjennomgang av den tekniske planen

- Vi savner oversikt for overvatnsanlegg (spesielt sandfangskummer, stikkrenner mm) på desse planane. Lavbrekk i pel ca 100 for SKV3 / SKH – kor skal vatnet ledast ?
- Vi kan akseptere modifiserte fartsdempare til erstatning for prefabrikkert fartspute i betong.
- Tverrprofiler; desse er meir villeiande enn rettleiande. Ta vekk fargekodar og forklaring og kun vise profilane. I tillegg lurar vi på kvifor det er lagt inn fiberduk i overbygningsprofil. Vi forventar at det vil vere full masseutskifting og at vegene byggjast opp med med sprengstein frå staden.
- Plan og profildeikning SGS5 Veg 71000; grunna mykje fall og mogeleg stor fart på syklande frå skulen og ned mot Nedre Alver burde vi ha fartsdempande tiltak før krysset Veg 71000 og Nedre Alver – sykkelstuse eller «mini fartsdempare» (på sykkelstien).
- Skiltplan SGS4 Veg 70000; her er det ikkje samsvar mellom kart og liste. Skilt 520 i lista og 522 i kartet.
- Skiltplan SGS2, SGS3, SGS5; her må vi ha inn skilt 518 i tillegg til skilt 520 sidan vegen er delt for syklande og gåande (og viss vi skal følgje vegnormalane)
- Køyrevegen frå kryss SGS4 og til SGS4 (sjå under) er ein «missing link» i høve til trafikksikring. Her ynskjer vi at denne vegstubben skal vere prioritert for dei mjuke trafikantane, men med «køyring til eigedomane tillate» som underskilt, evt tidsbegrensa til kortid på døgeret det gjeld.



Rune Kilen | Avdelingsleiar Veg

E-post: rune.kilen@lindas.kommune.no | Telefon: +47 474 80 311
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE